



Notat

Dato: 21.06.2016
Arkivsak: 2016/1926-3
Saksbehandlar: sunschu

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utdanningsdirektoratet sitt svar på spørsmål om tolking og praksis rundt friskulelova § 2-1

I utval for opplæring og helse sitt møte i desember 2015 oppmoda politikarane administrasjonen om å rette ein førespurnad til Utdanningsdirektoratet om tolkinga av friskulelova § 2-1. Av møteboka kjem det fram følgjande:

PS 102/15 Ymse

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 03.12.2015

Open time

Representanten Rasmus L. Rasmussen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Vi ber fylkesrådmannen rette en formell henvendelse til Utdanningsdirektoratet/Fylkesmannen, hvor direktoratet bes om å gi en vurdering av hvordan friskuleloven § 2-1 blir håndhevet ved friskolesøknader og hvorvidt det totale private tilbudet i Bergen medfører negative konsekvenser for det offentlige tilbudet. Direktoratet bes også gjøre rede for mulige tiltak dersom det på sikt viser seg at oppretting av friskoler medfører negative konsekvenser for det offentlige skoletilbudet».

Fylkesdirektør opplæring sendte førespurnaden til Utdanningsdirektoratet. Vedlagt finn de svaret frå Utdanningsdirektoratet.

Vedlegg

1 Spørsmål om tolkning og praktisering av friskuleloven § 2-1